



Vår dato:

22.04.2020

Vår ref:

2019/19151

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Etter adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Høyring av frivillig skogvern av Berdalen naturreservat i Lærdal kommune

Som ein del av arbeidet med frivillig skogvern, sender vi på høyring eit verneforslag på frivillig skogvern av Berdalen som naturreservat.

Eigarar av området med framlegg om opprettning av naturreservat er gnr. 29 bnr. 1 i Lærdal kommune. Området er i underkant av 2800 dekar.

Berre 2,9 prosent av skogen verna

Det er ei nasjonal målsetjing om redusere tap av naturmangfold, og som eit leidd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at om lag 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med berre 2,9 prosent av skogen verna, er vi enno langt unna dette målet i Vestland.

Frivillig skogvern

I dei siste åra er det frivillig skogvern som har vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern kor staten er heilt avhengig av at grunneigarane sjølv ønskjer dette. Grunneigarane har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten.

Kvifor vern av skog?

Artsdatabanken, som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfold, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar, og fysiske inngrep som fylgje av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfold i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å ta vare på Vestlandsnaturen for framtida.

Verneverdiar i Berdalen

Tilbodsområdet gjeld eit skogområde som vart kartlagt i samband med utkast til verneplan for «Barskog i Vest-Norge» (DN-rapport 1992-9). Berdalen kom ikkje med som ein del av verneplanen på 1990-talet. Området i og rundt Berdalen er skildra i Naturbase.



Utkastet til grenser for Berdalen naturreservat femner om heile området som vart kartlagt i samband med Verneplanen for barskog i Vest-Norge. Området er vurdert som svært verneverdig grunna den gamle barskogen.

Innspel til oppstartsmeldinga

Vi meldte offisiell start av vernearbeid den 5. november 2019 og det kom, innan fristen den 5. desember 2019, inn 6 innspel. Lærdal kommune fekk utvida frist til etter første kommunestyremøte i 2020. Ingen av innspela er kritiske til oppretting av Berdalen naturreservat.

Lærdal kommune er positive til oppstart av verneprosess for Berdalen naturreservat, jamfør protokoll frå i kommunestyremøtet den 13. februar 2020. Kommunen skriv også at det, i samband med verneprosessen, er viktig å få kartlagt kva følger det planlagde verneområde får for dei ulike interessene i området.

Fylkesmannen sine kommentarar:

Med ei brei høyring over to månader, der alle interessentar kan komme med innspel reknar Fylkesmannen med at dette vil komme til syne. Høyringa vil bli annonsert i lokalavisa, og vi reknar med at kommunen vil vidareformidle høyringa også via sine kanalar.

NVE skriv i uttale datert den 5. desember 2019 at eit naturreservat i Berdalen ikkje vil påverke potensielle, eksisterande eller planlagde energi- eller vassdragsanlegg som NVE har kjennskap til. NVE skriv at det er Lærdal Energi AS som er områdekonsesjonær, og at dei kjenner området best. Lærdal Energi AS fekk kopi av uttala frå NVE.

Fylkesmannen sine kommentarar:

Fylkesmannen reknar med at Lærdal Energi AS nytter høyringa for å komme med eventuelle fråsegn.

WWF skriv i uttale den 18. november 2019 at dei er positive til opprettinga av Berdalen naturreservat, og at det kanskje vil være mogeleg å utvide reservatet nedover, då det er naturtyperlokaltetar utanfor verneframlegget.

Fylkesmannen sine kommentarar:

Fylkesmannen er positiv til utviding på eit seinare tidspunkt der grunneigar er interessert og det er høge miljøverdiar i skogen.

Statens vegvesen skriv i brev datert den 29. november 2019 at dei ikkje har merknadar til verneprosessen.

Språkrådet skriv den 15. november 2019 at det er tilrådeleg å nytta Berdalen naturreservat som namn på verneområdet.

Direktoratet for mineralforvaltning har, i brev datert den 14. november 2019, ingen vesentlege merknadar til verneframlegget, då dei ikkje har registrert viktige mineralførekomstar i eller i nærliken av verneområdet.

Konsekvensar av vernet

For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiene i naturreservatet. Vernet vil føre til visse



restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sinking av sopp og bær. Turstiar som er i området skal også kunne haldast ved like.

Brukarinteresser

Fylkesmannen er ikkje kjend med at det er spesielle brukarinteresser i innanfor verneområdet utanom grunneigar sine jaktinteresser og generelt friluftsliv.

Innspel og vidare framdrift

På grunn av ny kunnskap om verneområdet i samarbeid med grunneigar, samt ny mal for verneforskrift frå Miljødirektoratet, er det gjort enkelte oppdateringar samanlikna med forskrifter som var aktuell i oppstartfasen. Vernekartet er også oppdatert med eksisterande stiar. Det er ønskeleg med vidare innspel på det frivillige skogvernet slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil Fylkesmannen vurdere innspela og ta endeleg stilling til tilråding av vern til Miljødirektoratet. Vi håpar på vernevedtak i løpet av desember 2020.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing, verneforskrift og anna finn du også på nettstaden vår <http://www.fylkesmannen.no/vestland>. Her kan du også sende inn innspel til denne høyringa. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Fylkesmannen i Vestland v/ miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til fmvlpost@fylkesmannen.no.

Frist for å kome med innspel er sett til 4. juli 2020

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette. Høyringa vil også bli annonser i lokalavisa og i Norsk Lysingsblad.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg i dette dokumentet:

Verneforskrift
Vernekart

Kopi til:

Miljødirektoratet
AT Skog

Mottakarliste:

Lærdal turlag
Sogn og Fjordane turlag
Lærdal Bondelag
Sogn og Fjordane Bondelag



Per S. Hjermann
Lærdal kommune
Lærdal Energi AS
Det norske skogselskap
Vest Politidistrikt
Den Norske Turistforening
Direktoratet for mineralforvaltning
Fiskeridirektoratet
Vestland fylkeskommune
Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)
Fiskeri- og Havbruksnærings Landsforening
Forsvarsbygg
Friluftslivets fellesorganisasjon
Friluftsrådenes Landsforbund
Havforskningsinstituttet
Kommunal- og regionaldepartementet
Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon
Kystdirektoratet
Luftfartstilsynet
Natur og Ungdom
NHO Reiseliv
Norges Bondelag
Norges Dykkerforbund
Fiskarlaget Vest
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Geologiske Undersøkelser
Norges handikapforbund
Norges Kystfiskarlag
Norges Miljøvernforbund
Norges Naturvernforbund
Norges Orienteringsforbund
Norges Skogeierforbund
Norges vassdrags- og energidirektorat
Norsk Biologforening
Norsk Bergindustri
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Norsk Botanisk Forening
Norsk Industri
Norsk institutt for Bioøkonomi
Norsk Organisasjon for Terrengsykling
Norsk Ornitologisk Forening
Norsk Sau og Geit
Norskog
Norsk Zoologisk Forening
NTNU, Vitenskapsmuseet



SABIMA
Landbruksdirektoratet
Fiskarlaget Vest
Statens Kartverk
Statkraft SF
Statnett SF
Stadnamntenesta på Vestlandet
v/ Kjell Erik Steinbru
Universitetet for miljø- og biovitenskap
Universitetet i Bergen
Universitetet i Tromsø
Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage
Vegdirektoratet
WWF - Norge



Vedlegg: Høyring av verneforskrift for Berdalen naturreservat Forskrift om vern av Berdalen naturreservat, Lærdal kommune, Sogn og Fjordane fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon **xx.xx.2020** med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område i indre Sogn med sitt biologiske og geologiske mangfold, som representerer eit stort og i hovudsak urørt skogområde med eit stort mangfold av skogs- og vegetasjonstypar, der større delar er urskogprega skog. Området inneheld mykje daud ved og har eit stort potensial for sjeldne og krevjande artar.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet vedkjem følgjande gnr./bnr.:

Lærdal kommune: 29/1

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. **2794** dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet **xx.xx.2020**. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Lærdal kommune, hos Fylkesmannen i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (verneregler)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller deler av disse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørrelenging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna koncentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4. (generelle unntak fra vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- Beiting.
- Sanking av bær og matsopp.
- Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- Varsam rydding av småbusk og kvist med maks 10 cm i brystdiameter, i samband med storviltjakt.
- Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- Utplassering av saltstein for husdyr og storvilt.
- Merking og rydding av eksisterande stiar vist på vernekartet etter retningslinjer i forvaltningsplan.
- Bålbrening med tørrkvist fra bakken eller medbragt ved i samsvar med gjeldande lovverk.



- j) Rydding av stiar for ferdsel og sinking av beitedyr etter retningslinjer i forvalningsplan slik at dei kan haldast opne etter vindfall og liknande.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- Motorferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- Utanom stiar vist på vernekartet er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding forbode.

§ 6. (generelle unntak fra ferdelsreglane)

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvalningsoppgåver som er bestemt av forvalningsstyremakta.

Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- Naudsynt uttransport av felt vilt med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvalningsstyremakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- Istandsetjing av steinmurar og andre kulturminne etter samråd med kulturminnestyremaktene.
- Bygging av nye klopper til erstatning for gamle.
- Oppsetting av nye fleirårige gapahukar og jakttårn dersom viltet (hjortedyr) endrar trekk.
- Naudsynt motorferdsel for å fjerne gran felt i samsvar med § 7h.
- Merking og rydding av nye stiar og oppsetting av turpostar.
- Tilretteleggingstiltak på eksisterande stiar.
- Ringbarking og felling av gran etter retningslinjer i forvalningsplan
- Bruk av naturreservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemd etter plan godkjend av forvalningsstyremakta.
- Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 g og § 7 a, b, c, og g.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvalningsstyremakta kan gjere unntak fra forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvalningsstyremakta, eller den forvalningsstyremakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (forvaltningsplan)

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærmare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærmare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltningsstyremakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyremakt etter denne forskrifta.

§ 12. (ikrafttreding)

Denne forskrifta trer i kraft straks.

